



# Meland kommune

## Innkalling til Ungdomsrådet

**Møtedato:** 26.11.2015  
**Møtestad:**  
**Møtetid:** 14:30 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til Eirik Bouwer Utne per tlf. 56171059, sms til eller per epost til [eirik.utne@meland.kommune.no](mailto:eirik.utne@meland.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

Saknr	Tittel
09/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
10/2015	Godkjenning av møtebok
11/2015	Referatsaker
12/2015	Aktuelle saker
13/2015	Val av representantar for ungdomsrådet 2016
14/2015	Val av leiar og nestleiarar i Meland ungdomsråd for 2016
15/2015	Rapport fra nettverkssamlinga 2015 med Ungdomens fylkesutval
16/2015	Ungdom som arrangørar av UKM
17/2015	Framtidig bruk av Holsnøy Meieri
18/2015	Ungdomsklubb i banklokalet i Meland rådhus

3. mars 2016

møteleiar

Eirik Bouwer Utne  
sekretær

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne		15/3007

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
09/2015	Ungdomsrådet	PS	26.11.2015

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne		15/3007

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
10/2015	Ungdomsrådet	PS	26.11.2015

## Godkjenning av møtebok

### Vedlegg:

Protokoll - Ungdomsrådet - 24.04.2015

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjent.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne		15/3007

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
11/2015	Ungdomsrådet	PS	26.11.2015

## Referatsaker

## Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne		15/3007

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
12/2015	Ungdomsrådet	PS	26.11.2015

**Aktuelle saker**

**Saksopplysningar:**

**Framlegg til vedtak:**

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FE - 033	15/2787

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
13/2015	Ungdomsrådet	PS	26.11.2015

## Val av representantar for ungdomsrådet 2016

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Skulane har valt nye representantar frå 8. klasse.  
Rådet skal konstituere seg med ny samansetning for 2016.

### Vurdering

#### Danielsen ungdomsskule

8. trinn

Det er ikkje komne inn kandidatar. Rådet vel i møte.

9. trinn

Elias Lavik

Elisabeth Henanger – vara

10. trinn

Juni M. Fløysand

Aleksander Falke – vara

#### Meland ungdomsskule

8.trinn

Ida Herland

Håvard Moldekleiv – vara

9. trinn

Tim Ivar R. Nernes

10. trinn

Silje Nordal

Vegard Granberg - vara

#### Rosslund skule

8. trinn

Det er meldt opp fire kandidatar

Daniel Bratshaug  
Susanne Slettebakken  
Maja Karlsen  
Walter Jarness

9. trinn  
Jonas Askeland  
Thea Iden

10. trinn  
Alrik Frost  
Thale Sæterstøl – vara

Vidaregåande skule  
Selma Jakobsen  
Sofie Eikeland

**Folkehelse**

**Miljø**

**Økonomi**

Ikkje vurdert i saka

**Konklusjon**

Ungdomsrådet skal konstituere seg med ny samansetjing

**Framlegg til vedtak:**

Ungdomsrådet består av følgjande representantar for 2016:

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FE - 033	15/2787

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
14/2015	Ungdomsrådet	PS	26.11.2015

## Val av leiar og nestleiarar i Meland ungdomsråd for 2016

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Det skal veljast ny leiar og nestleiarar for 2016

#### Vurdering

Det vert foretatt nytt val i møtet

#### Konklusjon

#### Framlegg til vedtak:

Ungdomsrådet vel leiar og nestleiarar i møtet



# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FE - 033	15/2787

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
15/2015	Ungdomsrådet	PS	26.11.2015

## Rapport fra nettverkssamlinga 2015 med Ungdomens fylkesutval

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Nestleiarane Sofie Eikeland og Selma Jakobsen deltek på nettverkssamling med Ungdomens fylkesutval på Hotel Edvard Grieg den 21.-22. november.

#### Vurdering

Det er ønskjeleg at Ungdomsrådet for ei kort orientering om nettverkssamlinga.

#### Konklusjon

Ungdomsrådet får ei kort orientering i møtet.

#### Framlegg til vedtak:

Ungdomsrådet tek saka til orientering.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne		15/3017

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
16/2015	Ungdomsrådet	PS	26.11.2015

## Ungdom som arrangør av UKM

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland skal vere vertskap for regionsmønstringa av UKM Nordhordland i 2016. Arrangementet skal vere på Nordhordland folkehøgskule. Det er ein lang tradisjon for å la ungdom vere sentrale deltakarar i planlegginga og avviklinga av arrangementet.

#### Vurdering

UKM er det største kulturarrangementet i Norge for barn og ungdom. Ein kan delta med ulike kulturinnslag, det vere seg musikk, dans, teater, bilde eller video. Ein kan òg verte med som Ung Arrangør eller konferansier. Desse oppgåva kvalifiserer òg til å kunne verte sendt vidare til regional mønstring og eventuell landsmønstring på lik line med kulturinnslaga.

UKM fungerer mange plassar som eit møtepunkt for ungdom som vil vere med å framføre kultur eller arrangere mønstringar, ofte med stor grad av sjølvstende og ansvar. Radøy vart årets barne og ungdomskommune i 2014 og deltaking i UKM har vore ein del av arbeidet med å bygge opp under eit godt ungdomsmiljø der.

Det har vore svært få deltakarar frå Meland dei siste åra. Når kommunen no skal vere vertskap for mønstringa i 2016 kan det vere aktuelt for Ungdomsrådet å sjå på om dei kan ta ei rolle i arrangementet for å auke deltakinga lokalt.

#### Folkehelse

#### Miljø

#### Økonomi

Ikkje vurdert i saka

#### Konklusjon

UKM Nordhordland 2016 skal arrangerast i Meland. Ungdomsrådet kan vere ein medspelar i dette arbeidet.

#### Framlegg til vedtak:

Ungdomsrådet gjer vedtak i møte.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Bente Bing Kleiva	FA - C50	15/2324

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
40/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015
17/2015	Ungdomsrådet	PS	26.11.2015

## Framtidig bruk av Holsnøy Meieri

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Holsnøy Meieri er eit viktig minne om Frekhaug si nære fortid og bør takast vare på som eit kulturbygg i kommunen. Det finnest pr i dag ikkje organisasjonsnøytrale kulturarenaer i kommunen og med sterk tilflytting til Frekhaug-området er det viktig å etablere møteplassar for ulike aldersgrupper i sentrale strok.

Holsnøy Meieri stod ferdig i 1953, som eit moderne og effektivt fellesmeieri for søre Holsnøy med kort sjøveg til Bergen. Det blei og bygd to stemmer som gav tilgang på kaldt vatn for å halde mjølka kald. Rett sør for hovudbygningen står meierskehuset, og anlegget står fram som det store framsteget det ein gong var.

Seinare har anlegget husa butikk, ungdomsklubb og verkstad, men framleis står det sterkt i eit kulturhistorisk landskapsbilde langs Havnevegen – Frekhaug kai med tilhøyrande miljø – ungdomsskulen – Nordgardsløa – Havnevegen 49 – Sjursethuset.

Drifta av ungdomsklubben i Meieriet blei avvikla i 2008. Klubben si verksemd skulle flyttast til Meland Aktiv, noko som etter kvart viste seg ikkje var mogeleg å få til. Meland har sidan vore utan kommunal ungdomsklubb.

#### Vurdering

Det er i dag ein tilnærma regulær scene i kommunen, på Nordhordland Folkehøgskule. Elles er det fleire lokale som blir brukt til kulturarrangement, som til dømes Nordgardsløa, Meland bibliotek, Galleri Rustica og Sjøslaget. Kommunen har i dag få høve til å vere ein pådrivar for eit godt kultur- og samfunnsliv sidan vi ikkje har ein stad til å drive kulturverksemd som òg kan vere ein møteplass for, av og med innbyggjarane. Utan ein slik stad er òg høva til å få in ekstern finansiering svært avgrensa. Avvikling av kulturarrangement inneber uforholdsmessig store utgifter til leige av scene, lyd og lys i tillegg til at det tek opp mykje tid og personalressursar. Dette gjer at kommunen sjeldan har høve til å avvikle arrangement, heller ikkje for unge. Desse ressursane går med til arrangementsmessige detaljar og ikkje til å bidra til at folk, unge som vaksne, kan skape, oppleve og vidareutvikle

kulturlivet.

Kulturlivet i Meland er godt og sterkt, men til ein viss grad lite synleg og samla. Det er eit stort behov for ein samlande møteplass for heile kommunen. Eit samfunn utan ein felles plass der folk kan møtast manglar litt av limet som held det saman.

**Ungdomsklubb.** Det er eit stort behov for ein ålmenn møteplass for dei mange unge i kommunen. Ungdomsrådet har sjølv i møte 20.1.2015 peika på at det må kome på plass eit organisasjonsnøytralt tilbod som kan verke samlande for heile ungdommen i kommunen. Ved å ha ein organisasjonsnøytral plass vil ungdom alltid «gå på Meieriet», sjølv om det skulle vere andre enn kommunen som arrangerer det aktuelle tilbodet den dagen. Eit bygg med høg deltaking av ungdom vil vere eit godt kulturbygg. Dei har behov for eit kulturtilbod og ein møteplass der dei kan ha innverknad. Eit godt ope og inkluderande ålment kulturtilbod vil òg gjere mykje for å fange opp dei som kan vere i randsonar av uønska miljø.

Når det gjeld meieriet som bygg er det viktig å bevare dette som eit tidsmerke og som ein del av identitetsbygginga for noverande og kommande generasjonar. Meieriet fortel om tida som var og er eit unikt bygg i Meland kommune.

Folkehelse – kan verke førebyggjande

Miljø – viktig å bevare som ein del av eit unikt miljø for kommunen og lokalområdet. Ved utbetring av bygningsmasse vil og miljøforureinande materiale verta fjerna.

Økonomi – ikkje vurdert i saka

### **Konklusjon**

Meland kommune treng eit kulturbygg som arena og møteplass for noverande og framtidige generasjonar. Meieriet kan vere eit viktig bidrag til dette og saka bør utgreiast vidare.

### **Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår gjev tenesteområde kultur i oppdrag å utgreie vidare framtidig bruk av Holsnøy meieri. |

### **Utval for levekår - 40/2015**

#### **ULK - behandling:**

#### **Framlegg til vedtak i møtet:**

Utval for levekår gjev tenesteområdet kultur oppdrag å utgreie vidare kostnader med å ta vare på Holsnøy meieri med tanke på bruk av huset til ulike kulturformål.

Framlegget vart **samrøystes vedteke**.

#### **ULK - vedtak:**

Utval for levekår gjev tenesteområdet kultur oppdrag å utgreie vidare kostnader med å ta vare på Holsnøy meieri med tanke på bruk av huset til ulike kulturføremål.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne		15/3015

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
18/2015	Ungdomsrådet	PS	26.11.2015

## Ungdomsklubb i banklokalet i Meland rådhus

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I møte den 8.9.2015 under aktuelle saker, ULK-sak 49/2015, ba Utval for levekår *om å få vurdert om banklokalet i kjellaretasjen på Meland rådhus kan vere egna som ungdomsklubb.*

#### Vurdering

*Banklokalet* i Meland rådhus har stått ledig sidan Sparebanken Vest avvikla drifta. Eit av forslaga til framtidig bruk av lokalet er som ungdomsklubb.

Ein bør knyte på ungdomsrådet tidleg i saka om å vurdere om lokalet er egna. Ungdomsrådet har vedtatt å arbeide for ungdomsklubb og er naturleg innspelspart i eit slikt spørsmål.

Ungdomsrådet bør ta ei synfaring og diskusjon rundt banklokalet som ungdomsklubb.

#### Folkehelse

#### Miljø

#### Økonomi

Ikkje vurdert i saka

#### Konklusjon

Ungdomsrådet tek opp spørsmålet om banklokalet er egna til ungdomsklubb.

#### Framlegg til vedtak:

Ungdomsrådet gjer vedtak i møtet.

